

Justis -og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: Sakshandsamar: Dato:
2022/4000 - 28095/2022 Terje Olav Øen 12.09.2022

Høring - NOU 2022:1 Cruisetrafikk i norske farvann og tilgrensende havområder

Helse Førde viser til Justis- og beredskapsdepartementets oversending av 25. mai 2022 om høyring på *NOU 2022:1 Cruisetrafikk i norske farvann og tilgrensende havområder*.

Vi har fylgjande kommentarar:

Beredskapsplanverk

Utvalet tilrår at norske myndigheter må utarbeide ein heilskapleg nasjonal plan for cruisetrafikken der sikkerheit, beredskap og redning får ein sentral plass.

Planverk er viktig, men det viktigaste er gode regionale planar for handtering av slike hendingar. Kanskje bør ein vurdere etablering av innsatsgrupper for helsetenesta tilsvarande som RITS grupper for brann og redning, nødvendigvis ikkje berre overfor skipsfart men generelt. Rask responstid må vere eit moment.

I høve til tilråding om at Regjeringa bør vurdere å opprette eit interdepartementalt utval for reiselivet der sikkerheit, beredskap og redning knytt til cruisetrafikken vert integrert meinar Helse Førde at dette bør vere ein del av samla beredskapsplanverk for redningstenesta og andre aktørar. Beredskapsplaner må vere nasjonalt samordna på overordna nivå og omfatte maritime hendingar generelt. Like viktig er det med beredskapsplanar på tvers for gjennomføring av operativ innsats. Det er viktig at planverket vert øvd tilstrekkeleg og at aktørane kjenner oppgåver og ansvar.

Likeeins er det viktig å stimulere til at ulike aktørar som kystverket med m.a. lostenesta, hamnevesenet, kommunen, HRS, politiet, brannvernet og helsetenesta kan gjennomføre øvingar – gjerne som table top, men mål om å tydeleggjort ressursar og oppgåver, utfordringar og ulike løysingar.

Spesielle kommentarar til kap. 11.

Norge har ikkje effektive verktøy for å handtere ein MRO (Massive Rescue operation) frå eit stort cruiseskip. Men evakuering av eit stort passasjerskip vil ta såpass lang tid at det gjev helsetenesta tilstrekkeleg tid til å organisere seg og kalle inn beredskapsressursar. Flytting av personellressursar til andre lokasjonar kan vere utfordrande og ulike må transportformer må vurderast i høve til tid.

To fasar av beredskapshendinga kan vere krevjande for helseføretaket:

- Første varsling og respons der det er vil vere tilfeldig kven som er i frontlinja med ambulanseressursar og beredskap på sjukehusa.
- Etter at redning og evakuering er etablert kan det kome personar og pasientar som skal transporterast, behandlast og vidare til andre institusjonar.

Helsefagleg kompetanse

Helsepersonell om bord i skipet er av varierende samansetjing og fagbakgrunn. Fartøy frå ulike land kan vere underlagt ulike krav. I ein masseskadesituasjon vil medisinsk situasjonsforståing, triagering og kommunikasjonen i cruiseskipet vere viktig med omsyn til fornuftig bruk av helsetenesta sine ressursar. IMO-regelverket (Internasjonale maritime organization) sine reguleringar vert kanskje utfordra i høve til dette, men det må takast omsyn til at dette kan vere viktig.

Likeeins er det viktig å være klar over at helsetenesta har sterke avgrensingar til sjøs, dersom det er aktuelt at helsepersonell medverkar med helsehjelp før passasjerar eller mannskap er ført i land.

Evakuering

Ambulansebåtar og tilsvarande fartøy kan ikkje nyttast til bording eller evakuering direkte fra cruiseskip utan at det er roleg sjø. Men båtane kan nyttast som samleplass med kapasitet ved å ta imot pasientar som vert heist ut med helikopter eller som er redda direkte frå sjøen. Såleis kan dei medverke til å effektivisere redningsoperasjonen, der det ikkje nødvendigvis vil vere nødvendig å fly alle til næraste landmottak.

Venleg helsing

Børge Tvedt
Kst. adm. direktør

Terje Olav Øen
Beredskapsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Børge Tvedt Direktør